Radøy kommune
Hordabø skule

Ann Kristin Kvalheim

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 17/2022 - 18/5336 | Jill Kristin Grindheim Bøe<br>jill-kristin.boe@radoy.kommune.no | 06.04.2018 |

# Referat frå møtet i skulemiljøutvalet og samarbeidsutvalet 03.04.18

Desse møtte:

Maria Marøy, tilsett- SFO- leiar
Camilla Aina Marøy Sætre, tilsett- lærar
Katrine Marøy Bø, tilsett- lærar
Melina Haugland, elev 5. trinn
Mona Linn Soltveit, FAU- repr.
Ina Jeanett V. Sævdal, FAU- repr.
Atle Nordanger, FAU- leiar
Anette Gran (vara for Maren V. Rosenlund), foreldrerepr. SFO
Kirsti Floen, repr. Radøy kommune- politisk valt
Ståle Villanger, Rektor

(Fråfall: Benjamin Kvernberg, elev 7. trinn)

1. Mobbeundersøkinga Spekter- rektor informerte om resultata, evaluering og arbeidet vidare.
   a) Generelt positive resultat. Dei alle fleste gjer uttrykk for at dei har det bra på skulen.
   b) Nokre har opplevd negative hendingar på sosiale medium. Rektor informerte om at nettmobbing er eit aukande problem generelt. Skulen jobbar kontinuerleg med dette, har bl.a. sendt heim skriv om nettvett og me jobbar med dette i kvar enkelt klasse. I konkrete saker, tek me det opp med dei det gjeld, samt med eleven sine føresette. Rektor poengterte at heimane har det største ansvaret her. Følg med, og ver gode førebilete!
   c) Ein del elevar svarar at dei opplever uro i timane.
   Skulen har hatt dette oppe til diskusjon. Korleis jobbe med å skape ro i timane. Dei vaksne må vere autoritetar og tydeleg allereie frå 1.trinn og jobbe kontinuerleg og

systematisk med å skape god arbeidsro i timane. Tydeleg handheving av reglement er viktig. Tett og tidleg dialog med heimane er viktig. Det må vere aksept frå heimane på at me må kunne stille krav til elevane.

2. Elevundersøkinga- rektor informerte om resultata, evaluering og arbeidet vidare.
   a) Informasjon om sjølve undersøkinga; 5.-7.trinn, 27 elevar har svart. Då dette er ei lita gruppe, må signifikansen til marginale endringar vegast opp mot dette. Kvar einskild elev utgjer ein relativ stor prosentdel av sluttresultata.
   b) Rektor gjekk igjennom alle spørsmåla og resultata på kvart einskild spørsmål.
   c) Me har gode resultat, med mange positive indikatorar. Det ser ut til at me har lukkast med å skape eit trygt læringsmiljø med nulltoleranse mot krenkingar og kor elevane trivst. Dette området vil uansett krevje kontinuerleg fokus og ein er aldri i mål, sjølv med gode resultat.
   d) På enkelte område, har me relativ lav score; medverknad og fysiske tilhøve som toalett, garderobe, temperatur i klasseromma. Dette tek me på alvor og vil jobbe vidare med.

3. Utvikling av uteområdet: Nytt leikeapparat er under oppføring.
4. Lovverk, revisjon- godkjenning. Rektor sine 2 nye forslag til endringar blei vedteke.
5. Anna frå SMU: Kirsti Floen framheva skulen sitt arbeid med å skape eit godt skulemiljø.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Ståle Villanger<br>rektor Hordabø skule | Jill Kristin Grindheim Bøe<br>sekretær Hordabø skule |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anette Gran | Radøyvegen 2335 | 5936 | MANGER |
| Ann Kristin Kvalheim | | | |
| Atle Nordanger | Nordbøvegen 34 | 5937 | BØVÅGEN |
| Benjamin Kvernberg | | | |
| Camilla Marøy Sætre | | | |
| Ina Jeanette Sævdal | Bøtjørnvegen 20 | 5937 | BØVÅGEN |
| Katrine Marøy Bø | | | |
| Kirsti G. Floen | Bøtjørnvegen 96 | 5937 | BØVÅGEN |
| Maren V. Rosenlund | Bøtjørnvegen 104 | 5937 | BØVÅGEN |
| Maria Marøy | | | |
| Melina Haugland | | | |
| Mona Linn Soltveit | Rossnesvegen 17 | 5937 | BØVÅGEN |